

## Saksframlegg

Dato                      Referanse                      Saksbehandlar  
20.03.2024                      23/57449- 12                      Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
15/24	Vestlandsrådet	10.04.2024

## Politisk plattform 2024-2027

### Vestlandsrådet 10.04.2024 - sak 15/24

#### Behandling

#### Protokolltilførsel, foreslått av Nils-Anders Nøttseter, Miljøpartiet De Grønne

Miljøpartiet Dei Grøne stiller seg ikkje bak ordlyden om ferjefri E39

17 voterande.

#### Vedtak:

Vestlandsrådet vedtek politisk plattform for Vestlandsrådet 2024-2027 med dei endringar som er føreslått.

#### Protokolltilførsel frå Nils-Anders Nøttseter (MDG):

Miljøpartiet Dei Grøne stiller seg ikkje bak ordlyden om ferjefri E39.

#### Innstilling:

Vestlandsrådet vedtek forslaget til endringar i den politiske plattformen for Vestlandsrådet som vist i saksframlegget.

## Bakgrunn

På møte i Vestlandsrådet, 11.januar 2024 vart det lagt fram sak om politisk plattform for Vestlandsrådet i perioden 2024-2027. Det vart gjort følgjande vedtak; «Vestlandsrådet viser til gjeldande politisk plattform for Vestlandsrådet, og går inn for å vidareføre denne for perioden 2024-2027, med konkretisering og prioriteringar i tråd med det som kom fram i gruppearbeida i møtet.»

Fylkeskommunedirektøren legg fram sak for rådet for å avklare justeringar i den politiske plattformen for Vestlandsrådet i samsvar med det som kom fram på gruppearbeidet på sist møte i Vestlandsrådet.

## Gruppearbeid på møte i Vestlandsrådet, 11.januar 2024

Oppsummering av arbeidet i arbeidsgruppene på møtet i Vestlandsrådet, 11.januar 2024 er vedlagt.

Med grunnlag i denne oppsummeringa har fylkeskommunedirektøren formulert følgjande tre prioriterte politiske satsingsområder for Vestlandsrådet i perioden 2023-2027;

1. Arbeide for tilstrekkelege økonomiske rammevilkår for innføring og finansiering av ny nullutsleppsteknologi i ferje- og hurtigbåtdrifta.
2. Arbeide for gode rammevilkår og kraftforsyning til det eksportretta næringslivet på Vestlandet, og få fram kunnskap om framtidig behov for kompetanse og andre omstillingsbehov.
3. Arbeide for vidare planlegging og realisering av ferjefri E39.

## Vurdering

Fylkeskommunedirektøren viser til vedlagte saksframstilling og protokoll frå møte i Vestlandsrådet, 11.november 2020, der det vart handsama sak om politisk plattform for Vestlandsrådet 2020-2023.

Med grunnlag i gjeldande politiske plattform for Vestlandsrådet 2020-2023 og vedtaket på møte i Vestlandsrådet, 11.januar 2024, foreslår fylkeskommunedirektøren å innarbeide kun pkt. 2 av dei prioriterte politiske satsingsområda i vidareføring av den politiske plattformen for perioden 2020-2023. Pkt. 1 og 3 er etter fylkeskommunedirektøren sitt syn allereie tilstrekkeleg synleggjort i den politiske plattformen for perioden 2020-2023, og i samsvar med det som kom fram på gruppearbeidet i Vestlandsrådet, 11.januar 2024.

Fylkeskommunedirektøren foreslår dermed følgjande avsnitt leggest inn i vidareføring av den tidlegare vedtekne politiske plattformen for Vestlandsrådet 2019-2023;

“Utfordringane vil særleg omfatte behov for energi- og kraftforsyning til nye næringsetableringar, samt legge til rette for omstilling og opplæringstilbod til framtidig nytt kompetansebehov i næringslivet.”

Sjå vedlagte forslag til politisk plattform 2024-2027 kor dette avsnittet er tatt inn i teksten

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør

Vedlegg

Forslag til Politisk plattform 2024-2027

WorkshopVestlandsrådet 11.1.24